



Ein epoke er over - bankskiltet blir fjerna måndag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein epoke er over i Uskedalen - bygda har ikkje bank lenger. Fredag stengde Kjersti Bråtun døra til filialen for godt og i morgontimane måndag skrudde Kvinnherad Elektro ned skiltet. Så var det over til Bank i Butikk på SPAR.**

Og korleis gjekk no det? Var det kaotisk med køtendensar på Sanden?

På ingen måte.

Utpå ettermiddagen kunne dagleg leiar Bente Nilsen oppsummera slik:

- Dette skal gå fint. Vi har merka ein viss auke i talet på bank-kundar i dag. Men noko stort innrykk har det ikkje vore og dessutan veit vi jo ikkje kor mange som til dømes ville teke ut pengar i dag utan denne bank-nedleggjinga.

Det vi derimot heilt klårt har merka det på er at folk også har sett inn pengar.

- Men har det vore eit problem at den tekniske løysinga enno ikkje er klar og at uttak av kontantar utan kort ikkje er mogeleg frå i dag?

- Nei, det har ikkje vore noko problem. Det er tydeleg av kundane stort sett er godt førebudde og har sikra seg kort, seier Bente.

Generelt seier ho at kundane ikkje vil merka noko spesielt til overgangen frå bank til Bank i Butikk.

Av Ola Matti Mathisen